
Fra: Gunnbjørg Austrheim <Gunnbjorg.Austrheim@hfk.no>
Sendt: torsdag 13. juni 2019 13:40
Til: Anne Lise Molvik
Kopi: ole@omcbygg.n
Emne: Lemstove Halsteindalen

Hei igjen!

Viser til tidlegare telefonsamtale og til nye skisser, oversendt av tiltakshavar/eigar, for å diskutere/ tenke litt høgt om eit eventuelt tilbygg. Reint umiddelbart kan vi ikkje sjå at utforming, og detaljering for forslag til tilbygg er tilpassa natur og kulturminneinteressene på staden. Eg har vore i kontakt med eigar, og komme med ein munleg tilbakemelding på oversendte nye skisser.

Noen av dei viktigaste anbefalingane er:

Meir tilpassing, mindre kontrast

Nybygg og endringar i kulturmiljø og kulturlandskapde bør i større grad videreføre byggesikken og tilpasseast det eksisterende bygningsmiljøet i høgde, volum, utforming og materialbruk.

Kvalitet skal vektleggast

Det er viktig at nybygg, rehabilitering og endringar på eksisterende bygninger, er av høy kvalitet.

Det er positivt at det er ynskje om å sikre verdiane i den gamle lenstova.

Lemstova - bustadhuset som erstatta røykstova på garden og blei det typiske vestlandske bustadhuset på 1800-talet.

Fylkeskonservatoren meiner at det er viktig at kunnskapen om lenstova vert løfta i høve til vestnorsk byggeskikk og kulturarv, då det er fare for at denne bygningstypen kan forsvinne til fordel for nye våningshus som dekkjer ny tekniske krav og arealbehov. Vi meiner at verdien av det gamle vestlandske våningshuset må sjåast i samanheng med forvalting av natur- og kulturminneressursar, og det er viktig å få vist, med gode eksemplar, at det er mogleg å bevare og framleis bruke denne bygningstypen.

Det vart frå Hordaland fylkeskommune sin side informert tilbake til tiltakshavar/eigar kva som ikkje kunne aksepteras med tanke på storleik og utforming samstundes som det vart opna opp for at det kunne tilretteleggjast for eit tilbygg på staden om det fikk den rette tilpassinga med omsyn til kulturminneinteressane på staden.

Eg legg ved nokre døme på andre lenstover som har fått tilbygg/påbygg.

Ta gjerne kontakt!

Vh Gunnbjørg Austrheim



OPAFORM: Ombygging og tilbygg til enebolig på Alvøen. Eksisterende bygg er en mindre lemstove fra omkring 1850.





Lermstove Nordhordland



Tilbygg